

Høgskolen i Oslo og Akershus

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

14/256 - 4 / AMG

05.11.2015

## Svar på klage på målbruken ved Høgskolen i Oslo og Akershus

Språkrådet behandlar klagar i saker som er omfatta av *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova).

Me har fått ein e-post frå Borghild Frøysa der ho skriv at ho fleire gonger har fått eksamensoppgåver hjå dykk på bokmål, trass at ho har meldt seg opp til eksamen på nynorsk. Det gjeld emna Finansrekneskap med IKT og Matematikk 1 hausten 2014 og Bedriftsøkonomi og Statistikk våren 2015. Språkrådet går ut frå at de kjenner reglane i *forskrift om målform i eksamensoppgåver* § 2 om at eksamensoppgåver skal liggje føre i begge målformene. Då Frøysa klaga til dykk, fekk ho ved tre høve denne grunngjevinga på e-post: «Viser til informasjon fra faglærer. Siden kurset er forelest på bokmål og av hensyn til risikoen for misforståelser i bruk av faguttrykk oversettes ikke eksamen i Bedriftsøkonomi til nynorsk.»

Undervisningsspråket på forelesingane påverkar ikkje studentanes rett til å få eksamen i eiga målform. Grunngjevinga de har gjeve studenten, er såleis ikkje noko som gjev unntak frå reglane i § 2. Språkrådet bed om tilbakemelding på korleis de vil sikre at studentane får eksamen i den målforma dei har kravt frametter. Me ønskjer tilbakemelding **innan 18. desember 2015**.



Postboks 8107 Dep  
NO-0032 OSLO  
Observatoriegata 1 B  
NO-0254 OSLO  
+47 22 54 19 50  
TELEFAKS  
post@sprakradet.no  
Org.nr.  
www.sprakradet.no

POSTADRESSE

KONTORADRESSE

TELEFON

E-POST

INTERNETT

+47 22 54 19 51

971527404

Samtidig minner me om at Høgskolen i Oslo og Akershus ikkje har levert nokon rapport om korleis de generelt vekslar mellom målformene dei siste åra, trass fleire puringar. Det ventar me at de gjer for 2015.

Venleg helsing

Kristin Solbjør  
seksjonssjef

Astrid Marie Grov  
rådgjevar

Mottakarliste:

Høgskolen i Oslo og Akershus

Kopi til:

Borghild Frøysa

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*